


Beredskapsplanar for vêrutsette strekningar

Målet med tilsynet var å undersøke om Statens vegvesen, Region nord, sikrar at beredskapsplanar for vêrutsette strekningar er i samsvar med krav. Vegtilsynet ville vite om regionen hadde utarbeidd ein regional trafikkberedskapsplan og beredskapsplanar for vêrutsette strekningar. De undersøkte strekningene var på E6, over Saltjellet, Kvænangsfjellet og Sennalandet, samt Bjørnefjell på E10.

REGELVERK



Kvar region skal utarbeide ein overordna regional trafikkberedskapsplan for hendingar på veg.

Det skal utarbeidast ein lokal instruks og ein beredskapsplan for vêrutsette strekningar som kan bli mellombels stengde/kolonnekøyrde.

Samanheng mellom planar for beredskap i Statens vegvesen. Figuren er henta frå Håndbok R611.

VURDERING

Manglande beredskapsplanar

Det er positivt at regionen, gjennom VegROS, har gjennomført ei vurdering av sårbarheit knytt til stenging eller kolonnekøyring for strekningane tilsynssaka omfatta.

Regionen har ikkje utarbeidd regional trafikkberedskapsplan, til tross for at kravet til å ha denne på plass er frå mai 2015.

To av dei fire vêrutsette strekningane som var undersøkt, Saltjellet og Sennalandet, mangla beredskapsplanar etter NA-rundskriv frå 2013. Det er ikkje gjennomført ROS-analyser for desse to strekningane, slik det er krav til.

Dei to andre vêrutsette strekningane som var undersøkt, mangla fullstendige beredskapsplanar. Kvænangsfjellet og Bjørnefjell har likevel ein regional generell instruks som inneheld noko av det som bør inngå i ein beredskapsplan.

Lokale instruksar samsvarar ikkje med krav

Når det gjeld lokale instruksar som skal beskrive korleis handtering av mellombels stenging og kolonnekøyring skal utførast, er desse utarbeidd i samsvar med krav for tre av dei fire vêrutsette strekningane.

Ikkje beredskap i samsvar med krav

Vegtilsynet meiner at Region nord ikkje har sikra oversikt gjennom regional trafikkberedskapsplan og ikkje har sikra god nok beredskap for å handtere hendingar på vêrutsette strekningar.

Konsekvensen kan vere at det ikkje vert sett i verk tiltak ved kritiske situasjonar og at det i ytste konsekvens oppstår fare for liv og helse.

FUNN

Funn 1 – avvik

Det er ikkje utarbeidd ein regional trafikkberedskapsplan i samsvar med krav.

Funn 2 – avvik

Det er ikkje utarbeidd beredskapsplan for strekningar som kan bli mellombels stengde/kolonnekøyrde i samsvar med krav.

Funn 3 – avvik

Det er for strekningen E6 Sennalandet ikkje utarbeidd ein lokal instruks i samsvar med krav.

Funn 4 – observasjon

Region nord sin regionale instruks for fastkøyrde kolonne er for lite detaljert for dei enkelte kolonnekøyrde strekningane den gjeld, medrekna E6 Kvænangsfjellet og E10 Bjørnefjell, til at den kan sjåast som ein beredskapsplan.

	E6 Saltjellet	E6 Sennalandet
Er det gjennomført ROS-analyse for strekninga?		
Er det utarbeidd beredskapsplan i samsvar med gjeldande NA-rundskriv?		
Er risiko som er funne i ROS analysen nytta i beredskapsplanen?		
Samsvarar lokal instruks med gjeldande NA-rundskriv?		
Har politi, lokal redningsteneste og driftsentreprenøren vore med på utarbeiding av planverket?		
Er politiets aksjonsplan en del av beredskapsplanen for strekningar som kan bli mellombels stengde/kolonnekøyrde?		

Funn 2: Utvalde strekningar, og oppfyljing av NA-rundskriv 2013/10

	E6 Kvænangsfjellet	E 10 Bjørnefjell
Er det utarbeidd beredskapsplan i samsvar med gjeldande i NA-rundskriv 2007/09?		
Samsvarar lokal instruks med mal i NA-rundskriv 2007/09?		

Funn 4: Utvalde strekningar, og oppfyljing av NA-rundskriv 2007/09

Utført	
Delvis utført	
Ikkje utført/manglar	